

Oppløftande avslutning på sesongen.

15.06.2011



Bjørnen sover, men det varer ikkje så lenge... (Foto: Thor Inge Døssland)

**Skulemusikken hadde tirsdag kveld siste øvinga for sesongen. I den anledning hadde dei invitert foreldre, søsken og andre til å vera med på ei uformell kosestund siste timen. Dei som vart til stades fekk oppleva eit optimistisk korps som går til ferie, og både styret og musikantar gjev dirigenten Tor Skeie Olsen mesteparten av æra for at stemninga er så god. Heldigvis er han klar for ein ny sesong med korpsset.**

Etter 17. mai kom seks aspirantar inn i korpsset, og denne kvelden bidrog dei for første gang med musikalske innslag saman med korpsset. Det bestod i musikk og enkel dramatisering framført på ein svært festleg måte. Aller mest imponerte dei yngste som berre hadde vore med på nokre få øvingar. Dirigenten brettet det heile fint og humørfylt saman samtidig som han rosa musikantane og fortalte litt om korleis korpsset har jobba siste tida. Han syntest og det var inspirerande å oppleva det gode frammøtet av foreldra.

Det var kjekt å vera publikum, og det var ikkje vanskeleg å leggja merke til at både dei eldste og dei yngste musikantane kosa seg i lag!! Ansiktsuttrykka fortalte alt om det!



Det var rikeleg servering (Foto: Thor Inge Døssland)

Etter musikkinnslaga var det klart for litt kos med kaffi, kaker, sjokolade og saft. Ros til styret og dirigent som spontant bestemte seg for dette tiltaket.

Til helga kjem så aller siste post på programmet denne sesongen. Lørdag reiser nemleg ein tropp på 19 til Bergen for å ha ein koseleg dag saman.

Det har vore svært godt frammøte, og den gode stemninga avspeglar seg og i at alle som er med i korpsset no truleg er klar for ein ny sesong til hausten. Det er og godt håp om at det også kjem fleire i tillegg.

Det er kjekt å følgja med på det gode grunnarbeidet som vert gjort i skulemusikken no.

Dersom vi er tålmodige vil det garantert gje gode resultat!!

Av Thor Inge Døssland